



Foto: Faisal Mahmood / Reuters / NTB scanpix

SKULE: Berre 44 prosent av jentene i Swat-dalen i Pakistan går på skulen. Og berre 2 prosent fortset på skulen etter at dei fyller 14 år.

Jenter får ikkje gå på skulen

● Mange jenter i heimbyen til Malala Yousafzai får ikkje gå på skule.

Terrorgruppa Taliban øydela fleire hundre skular. Dei styrte i Swat-dalen i Pakistan frå 2007 til 2009. 44 prosent av jentene i området er registrerte ved barneskular. Berre 2 prosent av jentene i Swat-dalen fortset på skulen etter at dei fyller 14 år. Det skriv nyhendebyrået NTB.

Den pakistanske jenta Malala Yousafzai får Nobels fredspris. Det blei klart

fredag. Ho kjempar for at jenter skal få utdanning. Malala kjem frå Mingora i Swat-dalen i Pakistan.

Malala blei skoten i hovudet av Taliban. Dei likte ikkje at ho kjempa for at jenter får gå på skule. Den kampen har så vidt begynt, sa ho då ho kommenterte prisen.

Malala deler prisen med Kailash Satyarthi frå India. Han jobbar for rettane til barn og mot barnarbeid.

Hans J. Skjong
hans@klartale.no

Streikar i ebolafrykt

LIBERIA

» Tusenar av helsearbeidarar i Liberia streikar. Dei vil ha betre utstyr for å verne seg mot viruset ebola. Og meir lønn. Mange helsearbeidarar er døde av viruset. Over 4.000 menneske i Vest-Afrika er no døde av ebola. Det skriv nyhendebyrået NTB.

Mangel på reint vatn går ut over helse og utdanning.

Les meir på side 3

Ødegaard historisk

FOTBALL

» 15 år gamle Martin Ødegaard blei historisk måndag. Fotballspelaren fekk spille for det norske landslaget mot Bulgaria. Dermed blei han den yngste spelaren i Europa som har spelt i kvalifiseringa til europa-meisterskapen (EM). Kampen enda med siger 2-1 til Noreg. Fredag vann landslaget 3-0 over Malta.

Foto: Remi Boe Presttun / NTB scanpix

Håper på fleire kvinner

FORSVARET

» Stortinget bestemte tysdag at det også blir tvungen verneplikt for kvinner. Før kunne kvinner seie nei til å bli kalla inn til teneste i militæret. Det vil ikkje lenger vere mogeleg. Forsvarsminister Ine Eriksen Søreide håper fleire kvinner no vil vere i forsvaret. Det skriv nyhendebyrået NTB.

Fjernar alt salt

MAT

» Matvaregruppene NorgesGruppen, Rema 1000 og Coop vil fjerne alt salt og vatn frå kjøtdeig. NorgesGruppen har butikkar i kjedene Kiwi, Meny, Joker og Spar. Til saman vil over 100 tonn salt bli fjerna. I Noreg et vi i gjennomsnitt 10 grame salt dagleg. Målet er 5 gram.



Foto: NTB scanpix

ORD I NYHETENE

OVERTID

● Éin av fem nordmenn seier dei alltid eller ofte jobbar overtid. Det viser ei undersøking laga av arbeidstakar-organisasjonen YS.

«Overtid» består av to ord. «Over» vil her seie at noko er høgare enn det som er normalt. «Tid» er eit mål på mengda dagar, timar og minutt. Ei vanleg arbeidsveke i Noreg er som regel 37,5 timar. Dersom du jobbar overtid, jobbar du meir enn 37,5 timar i veka.

Gripe for overgrep

KRIMINALITET

» Politiet har gripe ein mann i 40-åra. Han er sikta for fire tilfelle av overgrep mot jenter. To av jentene var seks og åtte år gamle. Overgrepa skjedde mellom 2008 og mai i år. Politiet sjekka arvestoffet DNA hos 1.000 menn. Det skriv nyhendebyrået NTB.



DØYDDE: Ein bil køyrde på fleire syklistar ved Gardermoen i Akershus. Ein person døydde.

Syklist døydde etter påkøyrse

ULUKKE

» Ein bil køyrde inn i ei gruppe på fem syklistar. Éin av dei døydde og ein blei lettare skadd. Ulukka skjedde ved Gardermoen i Akershus laurdag. Bilføraren stakk frå staden, men blei funne. Sjøføren hadde drukke alkohol. Han er sikta for uaktsamt drap.

Mange får dårlegare økonomi

POLITIKK

» Over 35.000 barn får dårlegare økonomi, ifølgje arbeids- og velferdsetaten Nav. Årsaka er at regjeringa vil kutte i stønaden til foreldre som er uføre. Det kom fram i statsbudsjettet som blei lagt fram i førre veke.


Før fekk foreldre 35.000 kroner i stønad per barn.

Regjeringa vil kutte til 7.000 kroner. Kuttet vil skape fleire fattige barnefamiljar. Det meiner Liv Arum i Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon.

Regjeringa har ein avtale om samarbeid med Kristelig Folkeparti (KrF) og partiet Venstre. Dei to kan påverke

korleis statsbudsjettet blir. – Det verkar som KrF og Venstre sin rolle blir å prøve å snu dei dårlege forslaga frå regjeringa, seier Bjørg Tørresdal i KrF. Olaug Bollestad i KrF meiner regjeringa tek frå dei fattige og gir til dei rike.

Hans J. Skjong
hans@klartale.no



VIKTIG: 15 år gamle Tigist (til høyre) har fått hjelp av Kirkens Nødhjelp. Dei bora ei brønn i landsbyen hennar i Etiopia. Då ble det enklare for Tigist og lillebror Tsegaye å hente vatn. No har Tigist fått tid til å gå på skulen.

Kampen for reint vatn

● **Søndag er årets TV-aksjon. Han kan sikre éin million menneske reint vatn.**

780 millionar menneske i verda har ikkje tilgang til reint vatn. TV-aksjonen skal sikre at ein million menneske får reint vatn.

Årets aksjon er søndag. Då banker bøsseberarar frå TV-aksjonen på dører i heile Noreg.

Organisasjonen Kirkens Nødhjelp (KN) får pengane som blir samla inn. Dei skal sikre fleire menneske reint

vatn i Haiti, Afghanistan, Pakistan, Somalia, Sør-Sudan, Sudan, Etiopia og Tanzania. Rundt 3,4 millionar menneske dør årleg av sjukdomar som skuldast ureint vatn. Og jenter og kvinner bruker omtrent 200 millionar arbeidstimar på å hente vatn i løpet av ein dag.

– Tenk dersom dei jentene og kvinnene heller kunne vore på skulen eller jobba. Det kunne betydd mykje for å betre økonomien i desse landa, seier Kaja Holdersen til Klar Tale. Ho jobbar for TV-aksjonen.

Dan Banik seier mange land kunne spart mykje i utgifter til

helsetenester. Det kunne dei gjort dersom folk fekk reint vatn. Banik er forskar ved Universitetet i Oslo.

Banik seier at det også er viktig å sikre at folk har toalett. Utan toalett, kan folk måtte gå på do i nærleiken av elvar og innsjøar.

– Når du er ordentleg tørst, drikk du kva som helst. Det kan bety at du drikk vatn frå ein innsjø som andre har brukt til å vaske dyra sine i, seier Banik.

Hans J. Skjong
hans@klartale.no

” MITT ORD

Ufrivillig
morosam

Foto: Ø. Sevåg

Benedicte Torget, musikar, 43 år gammal. Gav førre veke ut albumet «Karin Boye Sanger» med Øystein Sevåg.

– Kva er ditt favorittord?

– «Fint».

– Kvifor liker du dette ordet så godt?

– Fordi «fint» kan brukast på så mange måtar. Det er alt frå noko som er okei, til noko som eg berre liker på ein god måte.

– Kva ord liker du ikkje?

– «I og for seg». Ved å seie dette, slepp folk å ha ei ordentleg meining om noko.

– Kva er eit typisk muskar-ord?

– «Nedpå». Det er viktig å redusere stressa energi i ein låt. Særleg før låta skal ha eit høgdepunkt.

– Kva ord bruker du ofte?

– «Nærvær». Eg meiner det er viktig å vere til stades når du er med folk.

– Kva ord bruker du for å skildre deg sjølv?

– «Distré», «fokusert» og «ufrivillig morosam».

Lagar dramaserie
om 22. juli

TV


» NRK vil lage dramaserie rundt terroren 22. juli 2011. Serien skal ikkje handle om terrordømde Anders Behring Breivik. Den skal vise kva som skjedde med samfunnet, og med sjukehus, politi og presse. Serien kjem truleg fyrst om fire til fem år.

Fann vikingskatt

ARKEOLOGI

» Rundt 100 vikingskattar er funne i Skottland. Dei er omtrent 1.000 år gamle. Skattane er armband, kross og andre smykkekar. Det var hobbyarkeologen Derek McLennan som fann skattane i september. Skattane er frå Skandinavia, Irland og Sentral-Europa.

Foto: NTB scanpix



POPULÆR: Detektiven Poirot er populær også på TV. David Suchet spelar rollen.

Ny bok om Poirot

LITTERATUR

» No er det kome ei ny bok om detektiven Hercule Poirot. Den heiter «Monogram-morda». Det er Agatha Christie som har skriva dei tidlegare bøkene om Poirot. Men no har den britiske forfattaren Sophie Hannah fått lov til å skriva vidare om Poirot. Det skriv nyhendebyrået NTB.

Foto: Filmkameratene / Nordisk Film Distribusjon



Forsvunne på Svalbard

» Søskena Julia, Ida og Sindre forsvinn. Foreldra leiter etter dei på fastlandet i Noreg. Dei veit ikkje at barna er på øya Svalbard. Her må dei kjempe mot kulde, snø og ein farleg isbjørn. «Operasjon Arktis» er ein spenningsfilm. Han passar for barn frå sju år. Filmen har premiere fredag.